



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 155/10 - Monstad - deling - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 10.02.2022. Saka gjeld søknad om deling og dispensasjon frå arealdelen av kommunedelplan for Lindås for oppretting av ny bustadtomt. Gnr. 155 bnr. 10 er registrert med eit areal på omlag 5605.9 m<sup>2</sup> i matrikkelen. Det vert søkt om oppretting av tomt på 950 m<sup>2</sup>.

Eigedomen ligg i uregulert område. Arealet er sett av til LNF formål i kommuneplanen for Lindås. Området er omfatta av omsynssone landbruk, H510\_oL34.

### Grunngjeving

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Sjølv om frådelinga ikkje vil omdisponere dyrka mark, ligg eigedomen i eit område med aktiv landbruksdrift. Kommunen må vurdere i kva grad ein ny bustad her kan føre til auka sjanse for konflikhtar og driftsulempar for landbruket i eit langtidsperspektiv.

Kommuneplanen legg ikkje opp til bustader i området. Arealet ligg utanfor eit sentrumsområde og det ser ikkje ut som det er trygg skuleveg her. Bustaden vil vere bilbasert, og kommunen må vurder dispensasjonen opp mot statlege planretningslinjer for bustad, areal og transportplanlegging og klima. Ein ny bustad vil nok ikkje ha ein stor verknad på desse temaa, men om ein ikkje har noko særlege grunnar for dispensasjonen som gjer at han skil seg frå liknande sakar, kan ein få ein bit for bit utbygging som i sum vil vere uheldig. Det er difor også viktig at kommunen vurder i kva grad ein dispensasjon i saka kan få verknad for andre saker i nærleiken og i kommunen elles. Vi minner om at Alver kommune er ein kommune med stort press på areala.

Statsforvaltaren ber om å få saka til klagevurdering.



Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN